



Stad kommune Nordfjordeid skule

Dato: 20.05.2022

Medlemmer i Skulemiljøutvalet(SMU) og Samarbeidsutvalet (SU)

Pedagogar	Nikolai Heggedal Tone Nilsen	X x
Andre tilsette	Kathrine M. Bjørnholt	x
SU-leiar	Jøran Rise	x
SU-nestleiar	Lene Marie Midthjell	x
Elevråd - leiar	Nikolai Kostopoulos Rindal	x
Elevråd - nestleiar	Iril Midthjell Myklebust	
Stad kommune - skule	Anne-Grete Eikås/Peder Felde	x/x
Stad kommune - politisk	Hans Petter Gilleshammer	
SMU: Føresett	Benedikte Dæmring	
SMU: Elev	Alliyah Villamor Ludwig	

Referat frå møte i SMU/SU

Dag: torsdag 12.05.2022

SMU/SU: Kl. 20.00-21.00

Stad: Personalrommet

Saker:

1. Gjennomgang av referat frå møte 25.01.2022

2. Informasjon

- **Oppsummering vår 2022**

Covid: Normal drift no, noko som er spesielt positivt for det sosiale.

Grøn integrering: Initiativtakar A.J. Haugland har oppretta ein ideell organisasjon. Midlar org. har fått, har mellom anna blitt brukt til å lage skulehage som fleire elevgrupper har ansvar for.

17. mai: Informasjonsskriv blir sendt ut til alle heimane.

Førskuledag: 18. mai - 1. trinn blir også komande skuleår delt i tre klasser. Vi har god erfaring med dette. Når elevane startar i 2. trinn, vil dei bli delte i to jamne klasser.

7. trinn: Det blir avslutning i Eidahallen onsdag 15. juni.

- **Nytt skuleår**

Ukraina: 18 flyktningar er komne, og planen er å busette 6 nye annankvar veke til sommaren.

Busettinga startar i ytre del av kommunen, i Selje og på Flatraket. Nordfjordeid skule må i planlegginga av neste skuleår ta høgde for at det i løpet av hausten vil kome elevar frå Ukraina.

Tredeling 1. trinn: Vi gjer dette for å betre overgangen frå barnehage til skule. Det blir færre elevar i kvar gruppe, og vi kan sikre meir jamne klasser når vi deler elevane etter å ha kjent dei eit skuleår. Vi har tidlegare erfart at det på enkelte trinn har vore mykje strev, både fagleg og sosialt, i den eine klassa meir enn i den andre. Vi må kjenne barna i skulesamanheng for å sikre meir jamne klasser på trinna.



Stad kommune Nordfjordeid skule

Eventuell ny inndeling av 2.- og 4. trinn: Vi har drøfta klassemiljø, læringsmiljø og arbeidsmiljø med samarbeidande instansar, og BUP si klare tilråding er mest mogleg jamne klasser for eit godt klassemiljø og læringsmiljø på sikt.

Barnet sitt beste er overordna alt. Vi har ansvar for at enkeltbarn skal ha det trygt og trivast samtidig som vi har ansvar for enkeltbarn i ei klasse.

Etter covid har vi hatt høve til utprøving av nye gruppesamansetnader. Vi har hatt generelt meir samarbeid på tvers av klassene på trinnet for at elevane skal få fleire å spele på og for å endre relasjonar som kan ha negativ påverknad i skulesamanheng. Lærarar underviser blanda elevgrupper frå A og B i stasjonar. Dette har gitt auka trinnfølelse og elevane samhandlar meir på tvers. Det er positivt at elevane kjenner godt og blir trygge på fleire vaksne både inne og ute.

Konekvens av utprøving kan bli:

2. trinn: Ny inndeling i A (23 elevar) og B (23 elevar) for å få jamnare klasser i forhold til både faglege og sosiale behov

4. trinn: Ny inndeling i A, B og C med 17 elevar i kvar klasse. I dag er det 25 elevar i A og B er delt i to grupper med 13 i kvar gruppe.

Før ei ny inndeling kan gjennomførast, er det viktig at FAU er informert for å forstå bakgrunnen for endringar og at FAU er støttande i forhold til skulen si samla vurdering framover. I FAU-møte 12.05.2022 kom det fram gode refleksjonar for kva som er viktig for å få ein god prosess framover:

- Bruke nok tid på prosessen
- Føresette og elevar må bli høyrde i den grad det er mogleg
- Foreldre som har trygge barn i eit trygt miljø, vil truleg bli redde for at deira læringsmiljø vil kunne bli forverra. Samstundes påpeikar FAU at det er viktig at utrygge barn får endre miljøet sitt til det betre.
- FAU tenkjer det er positivt at skulen prøver å tenke ut nye måtar å handtere utfordringane i klasser som har eit særleg utfordrande læringsmiljø og klassemiljø.
- Utfordringar med ujamne klasser blir truleg mindre uttalte i framtida når skulen deler inn elevane i jamne klasser frå 1. trinn til 2. trinn.

- FAU påpeikar at førebuingane og informasjon ut til føresette, mellom anna bør innehalde: Høve til samtale med lærar eller rektor, får elevane ny lærar, planar for arbeidet med godt læringsmiljø i nye klasser

- Tradisjonen på Nordfjordeid skule har til no vore at elevar går i den same klassa i 7 år, uansett type læringsmiljø. Kan ein heller arbeide for ei fast ordning med å vurdere nyinndeling når elevane skal over i mellomtrinnet (5.trinn)? Dette vil kunne gje føresette og elevar betre forutsigbarhet. Dette er allereie innført fast på 2.trinn.



Stad kommune Nordfjordeid skule

Fagfornyng: Det vert no gjennomført vurdering av læremiddel frå forlaga. Innkjøp av nye læremiddel er ein stor kostnad, og det er difor viktig å gjere gode val for både lærebøker og digitale ressursar.

Sefal - Fysisk aktiv læring - dette prosjektet blir hovudsatsingsområde 2022-2023

SFO - Spørsmålet er om SFO-tiibodet blir gratis for 1. trinn til hausten.

3. Elevrådssaker

Innkjøp av nye stolar: Det er ønskje frå elevrådet om at det vert kjøpt inn betre stolar til 7. trinn. Vi vurderer dette, men det blir ein kostnad på ca. kr 50 000.

4. Heim-skule samarbeid

Uteområdet: Det blir dugnad onsdag 01.06.22 kl. 18.00. Det vert rydding, maling og grunnarbeid under leikeapparat. Vi håpar på godt arbeidsver.

5. Eventuelt

Anne-Grete Eikås
- skrivar -